



**Ørskog kommune**

I



## Rutine for kommunale vigslar i Ørskog kommune

Gjeldande i perioden 1.1.2018-31.12.2019.

Skal redigerast fyrste gong ved årsskifte 2018/2019.

---

## Innhald

---

<b>1. Lovhenvisingar</b>	<b>side 3</b>
<b>2. Vigslarar i Ørskog kommune</b>	<b>side 3</b>
<b>3. Vigslingstilbodet i Ørskog kommune</b>	<b>side 3</b>
3.1. Vedtekne retningsliner	side 3
3.2. Kven tilbodet gjeld for	side 4
3.3. Turistar	side 5
3.4. Kostnadar	side 6
3.5. Vigslingslokale	side 7
<b>4. Førebuing til vigsel</b>	<b>side 7</b>
4.1. Utfylling av skjema	side 7
4.2. Avtale dato, vigsler og detaljar	side 8
<b>5. Gjennomføring av vigsel</b>	<b>side 8</b>
<b>6. Vidare oppfølging</b>	<b>side 8</b>
<b>7. Arkivering</b>	<b>side 9</b>

## 1. Lovtilvisningar

Ekteskapsloven

Forskrift om kommunale vigslar

Rundskriv Q-11/2017 – Kommunale vigslar

## 2. Vigslarar i Ørskog kommune

Frå 1. januar 2018 har desse vigslersmynde i Ørskog, jamfør Ekteskapsloven §12 a:

- Ordførar
- Varaordførar

I tillegg vedtok kommunestyret i møte 23.11.2017 å delegere vigslersmynde til:

- Rådmann Synnøve Vasstrand Synnes

Kommunestyret kan delegere vigslersmynde til personar som er tilsett eller er folkevald i kommunen. Dei kan og trekke myndet tilbake.

## 3. Vigslingstilbodet i Ørskog kommune

### 3.1. VEDTEKNE RETNINGSLINER

Retningslinjer for tilbodet vedteke i Ørskog kommunestyre 23.11.2017:

#### **KS-134/17 Vedtak:**

*1. Ordførar og varaordførar har vigslersmynde med heimel i ekteskapslova frå 1.1.2018.*

*Ørskog kommunestyre vedtek i tillegg følgande som vigslar:  
Rådmannen i Ørskog, Synnøve Vasstrand Synnes.*

*2. Rådmannen ser til at vigslingane finn stad innanfor verdige rammer. Det administrative ansvaret for vigslersordninga i Ørskog blir lagt til Sørviskontoret.*

*3. Ørskog kommune sitt vigselstilbod gjeld for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Noreg, men som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap her.*

*4. Kommunale vigslar skal som hovudregel skje innanfor ordinær arbeidstid på kvardagar mellom klokka 08.00-16.00. Eventuelt andre tidspunkt må avtalast særskilt.*

*5. Tenesten er gratis. Om brudeparet har ynskje om alternativ lokaler, pynting eller utanfor ordinær arbeidstid, må kostnadsdekning avtalast på førehand.*

*6. Ordninga skal evaluerast seinast ved årsskiftet 2018/2019.*

### 3.2. KVEN TILBODET GJELD FOR

Ørskog kommune tilbyr vigsel for alle personer som fyller vilkåra for å inngå ekteskap i Noreg etter kapittel 1 i ekteskapslova:

#### § 1. Kjønn

*To personer av motsatt eller samme kjønn kan inngå ekteskap.*

#### § 1 a. Ekteskapsalder

*Den som er under 18 år, kan ikke inngå ekteskap uten samtykke fra dem eller den som har foreldreansvaret, og tillatelse fra fylkesmannen. Fylkesmannen kan ikke gi tillatelse dersom den som søker, er under 16 år.*

*Er en av dem som har foreldreansvaret, uten rettslig handleevne, eller kan samtykke ikke innhentes innen rimelig tid, er samtykke fra den andre tilstrekkelig. Er begge i en slik situasjon, og det er oppnevnt verge, kreves samtykke fra vergen.*

*Fylkesmannen kan bare gi tillatelse når det foreligger sterke grunner for å inngå ekteskap.*

*Nekter de eller den som har foreldreansvaret, eller vergen å gi samtykke, kan fylkesmannen likevel gi tillatelse hvis det ikke er rimelig grunn for nektelsen.*

#### § 1 b. Frivillighet

*Kvinner og menn har samme rett til fritt å velge ektefelle. Ekteskap skal inngås av egen fri vilje og med eget samtykke.*

#### § 2. Adgangen til å inngå ekteskap for personer som er satt under vergemål

*Den som er satt under vergemål, må ha samtykke fra vergen for å inngå ekteskap dersom det faller innenfor vergens oppdrag å gi slikt samtykke. Nekter vergen, kan fylkesmannen likevel gi tillatelse hvis det ikke er rimelig grunn for nektelsen.*

#### § 3. Forbud mot ekteskap mellom nære slektninger.

*Ekteskap kan ikke inngås mellom slektninger i rett opp- eller nedstigende linje eller mellom søsken.*

*For adoptivbarn gjelder forbudet overfor både den opprinnelige slekt og adoptivforeldrene og deres slekt. Er adoptivbarnet blitt adoptert på ny, kan fylkesmannen likevel samtykke i ekteskap mellom adoptivbarnet og en av de opprinnelige adoptivforeldrene eller dennes slektning.*

#### § 4. Forbud mot ekteskap når tidligere ekteskap består

*Ingen kan inngå ekteskap så lenge et tidligere ekteskap eller registrert partnerskap består.*

#### § 5. Opplysnings- og veiledningsplikt om smittefarlig sykdom som kan overføres ved seksuell omgang

*Den som lider av en smittefarlig sykdom som kan overføres ved seksuell omgang, kan ikke inngå ekteskap uten at den andre parten er gjort kjent med sykdommen og begge parter har fått muntlig veiledning av en lege om farene ved sykdommen.*

*Lovbestemt taushetsplikt er ikke til hinder for at en lege gir opplysninger til vigsleren om sykdommen eller føres som vitne i en ekteskapsak.*

### 3.3. TURISTAR

To utanlandske statsborgarar som skal gifte seg i Noreg.

Dersom de ynskjar å vie dykk i Noreg, men ikkje har permanent opphaldstillating her, må de legge fram dokumentasjon for Skatteetaten.

Følgjande dokumentasjon trengs:

- Kvar dykkar eigenerklæring
- Forlovar-/vitneerklæring – må fyllast ut av éin forlovar på kvarr side.
- Erklæring om skifte – dersom nokon av dykk har vore gift tidlegare. Er det mindre enn 2 år sidan skilsmissa vart innvilga, kan det søkes om skiftefritak hjå fylkesmannen dersom siste felles adresse ikkje var i Noreg. Søknadskjema kan lastes ned på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) Er det meir enn 2 år sidan skilsmissa kan du nytte eigenerklæringa i del III.
- For personar som er skilt etter utenlandsk rett, må skilsmissa vere anerkjend av fylkesmannen. Søknadskjemaet kan lastes ned på fylkesmannen.no. Kravet om anerkjenning gjeld ikkje dersom skilsmissa vart gjennomført i eit av dei andre nordiske landa, føresagt at begge ektefeller var busett og hadde statsborgerskap i eit nordisk land på tidspunktet for skilsmissen.
- Dokumentasjon på namn og alder, for eksempel pass og fødselsattest. Dokumentasjonen må vere i original eller kopi bekrefta av norsk offentlig styresmakt. Fødselsattesten må vere legalisert eller påført Apostillestempel (da står det «apostille» på stempelet).
- En attest frå heimlandet og, eventuelt siste bustadsland, som viser at det ikkje er noko som hindrar at de kan inngå ekteskap i Noreg. Attesten må ikkje vere eldre enn **fire månader**. Oversetting kan vere naudsynt med mindre attesten er skrevet på engelsk, dansk eller svensk. Attesten må vere i original og må være legalisert/påført apostille.
- Statsborgere fra land utanfor Norden, må legge fram dokumentasjon som visar at vedkommende har lovleg opphald i Noreg. Dokumentasjonen må vere i original eller kopi bekreftet av norsk offentlig styresmakt.

**Dokumentasjon frå land utanfor Norden må vere legalisert eller påført eit apostillestempel av styresmaktene i det landet den er utstedt.**

Dersom de fyll krava for å inngå ekteskap, mottek de ein prøvingsattest i posten.

### Kvar skal papira sendast?

Brudefolk som har turistopphald under 3 månader, eller er utvandra før 30. september 1964, eller aldri har vore busett i Noreg, sender søknaden til: (minst 3 uker i forveien)

Skatt nord  
Postboks 6310  
9293 Tromsø

Brudeparet må ha ugifteattest frå sitt heimland.

**Gjennomføringa:** Brudeparet må kunne legge fram pass som legitimasjon. De må ha med to vitner. Om de ikkje har vitner, er det ingenting i vegen for at nokon frå kommunen kan stille som vitner.

Brudeparet er her som turister og treng difor inga opphaldstillating for å inngå ekteskap. Les nøye kva som står på prøvingsattesten når den kjem (som regel står der «ingen hindring for inngåelse av ekteskap»).

### 3.4. KOSTNADAR

Ørskog kommunestyre vedtok i november 2017 at kommunale vigslar skal som hovudregel skje innanfor ordinær arbeidstid på kvardagar mellom klokka 08.00-16.00. Eventuelt andre tidspunkt må avtalast særskilt. Tenesten er i utgangspunktet gratis. Om brudeparet har ynskje om alternativ lokaler, pynting eller gjennomføring utanfor ordinær arbeidstid, må kostnadsdekning avtalast på førehand.

Ørskog kommunestyre gjorde i møte 22.3.2018 slikt vedtak:

#### KS- 19/18 Vedtak:

For par der minst ein person er busett i Ørskog kommune:

- Vigsling på Ørskog rådhus/Ørskog kulturhus i kontortid: gratis.
- Vigsling på Ørskog rådhus/Ørskog kulturhus utanom kontortid: kr. 1500,-
- Vigsling andre stader i Ørskog i kontortid: kr. 2000,-
- Vigsling andre stader i Ørskog utanom kontortid: kr. 3000,-

Om brudeparet skulle ha spesielle ynskje t.d. om kvar vigslinga skal finne stad og som gjer kostnaden høgare enn satsane er forutsatt å dekke, må paret påregne høgare avgift som må avtalast i kvart enkelt tilfelle.

Dersom det er ynskje om anna dekorasjon enn det kommunen tilbyr, må brudeparet sjølv organisere og betale dette. Om paret ynskjer musikk eller andre kunstneriske innslag, må dei sjølv organisere og betale for dette.

Brudeparet skal bli informert om kostnadane i god tid før vigslinga.

Ålesund kommune har vedteke å tilby vigslar til alle innbyggjarane i nye Ålesund, på lik line med sine eigne innbyggjarar. Ålesund kommune har vedteke gebyr for vigsel på Ålesund rådhus med følgande satser, som då og vil gjelde par frå Ørskog:

- Vigsel på Ålesund rådhus i kontortid: gratis
- Vigsel på Ålesund rådhus utanom kontortid: kr. 2000,-
- Vigsel andre stader i Ålesund i kontortid: kr. 3000,-
- Vigsel andre stader i Ålesund utanom kontortid: kr. 4000,-

### 3.5. VIGSLINGSLOKALE

Det er i tilbodet frå Ørskog kommune møterom Lauparen eller Ørskog Kulturhus, om det no kjem i kommunalt eige, som vert brukt som vigslsrom og at tilbodet tar utgangspunkt i ordinær arbeidstid. Dei kan og nytte seg gratis av lokalet på Ålesund rådhus. Om ynskeleg kan brudeparet organisere sjølvvalgte lokaler – då for eiga rekning.

## 4. Førebuing til vigsel

### 4.1. UTFYLING AV SKJEMA

Før de gifter dykk, må Skatteetaten sjekke om de oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap. Det vil seie at de må sende inn ein del papir. Behandlingstida er to-tre veker, så ver ute i god tid før bryllaupet, men ikkje meir enn 4 månadar (papira er ikkje gyldig lenger enn 4 månadar):

Alle desse skjemaene får du hos Skatteetaten:

- Eigenerklæring – fyll ut kvar dykkar
- Forlovarerklæring – ein til kvar
- Erklæring om skifte dersom de har vore gift før
- Melding om endring av namn dersom de skal bytte namn

**Send skjemaene samla til: Skatt Midt-Noreg Ålesund, postboks 2060, 6402 Molde**

Skatteetaten skriv då ut ein såkalla prøvingsattest, som viser at de fyller vilkåra for å inngå ekteskap.

Etter at de har fått prøvingsattesten heim i posten, kan de ta kontakt med oss for å bestille vigsel. Attesten må ikkje vere eldre enn fire månader ved vigsel. Ørskog kommune skal ha originalen, ikkje ein kopi.

- De må ha to vitne, og dei må vere til stades under seremonien. Vitna er gjerne forlovarane, men treng ikkje å vere det.
- Brudepar og vitne/forlovarar må ha gyldig legitimasjon til vigsel. Vi godtar gyldig pass, norske førarkort og bankkort med bilete og personnummer.

**Spesielt for utanlandske statsborgar:** Alle utanlandske statsborgarar må dokumentere lovleg opphald i Norge på vigselstidspunktet, og sende oss/levere prøvingsattest seinast ein dag før

vigselen. Dette gjeld ikkje for nordiske borgarar. Vi kan utføre vigselen på engelsk, dersom dette er avtalt på førehand.

#### 4.2. AVTALE DATO, VIGSLAR OG DETALJAR

Etter at paret har motteke prøvingsattest, tar dei kontakt med Sørviskontoret anten via e-post [post@orskog.kommune.no](mailto:post@orskog.kommune.no) for å bestille tid og vigslar.

Vi treng følgande opplysningar:

- Fullt namn, fødselsdato og adresse til brureparet.
- Kva for ein dato de ønskjer å gifte dykk.
- Kven de ønskjer skal vie dykk.
- Om de ønskjer å halde seremonien på Ørskog rådhus eller kulturhus, Ålesund rådhus eller i anna sjølvvalt lokale.

Dersom de ønskjer kunstnarlege innslag under seremonien, til dømes musikk eller diktlesing, må de gi beskjed om dette på førehand.

## 5. Gjennomføring av vigsling

Vi tilbyr eit høveleg lokale på Ørskog rådhus og på Ørskog Kulturhus og syt for det praktiske som oppsett, blomar og lys.

- To vitner må vere til stades under seremonien, jf. Ekteskapsloven §11 andre ledd. Dette kan vere forlovarar eller to andre myndige personer.
- Møt opp i god tid før avtalt tid for vigsel. Brurepar og vitne/forlovarar må ha gyldig legitimasjon til vigselen, som blir presentert før ein går inn i sjølve lokalet. Vi godtar gyldig pass, norske førarkort og bankkort med bilete og personnummer.
- Seremonien vil ta rundt 15 minutt.
- Vigslaren les "Det borgarlege vigslingsformularet". Deretter spør vigslaren dykk om de vil ha kvarandre til ektefeller. Til slutt underteiknar brudeparet, vitna og vigslaren vigselsprotokollen. Eventuelt om det er anna avtalt innslag organisert av brureparet. Brureparet får med seg en rett kopi av skjemaet, og fungerer som vigselattest fram til de får den endelege frå Folkeregisteret.
- Kommunen sender deretter ei vigselmelding til Folkeregisteret innan tre dagar etter bryllaupet.

## 6. Vidare oppfølging

- Ekteparet får med seg bekrefta kopi av utfylt og signert vigselsbok etter vigslinga. Dette vil då vere dykkar midlertidige vigselsattest.
- Vigslar sender bekrefta kopi av utfylt og signert vigselsbok til skatteetaten seinast tre dagar etter vigsel. Skatteetaten sender ut den endelege vigselsattesten til ekteparet.



## 7. Arkivering

Dokumentasjon som arkiverast i kommunen sitt arkivsystem:

- Utfylt og signert vigselsbok
- Utfylt og signert skjema for detaljer rundt vigsel
- Utgåande brev som dokumenterar hendingane i punkt 6.